

Røhnebæk, Sidsel

Fra: Hove, Aud <aud.hove@innlandetfylke.no>
Sendt: mandag 25. januar 2021 16:55
Til: Susanne Brenna
Kopi: Røhnebæk, Sidsel; Broderstad, Benedicte; Ruud, Therese
Emne: Re: Rovvilt

Hei!

Takk for innspel og viktig informasjon. Eg videresender til sekretariatet i rovviltnemnda, så det blir lagt inn under korrespondanse. Vi fylgjer opp.

Mvh
 Aud Hove

Med vennleg helsing
 Aud Hove
 Fylkesvaraordførar
 Politisk verksamheit
 Mobil: 41559413
 Innlandet fylkeskommune
 www.innlandetfylke.no

Fra: Susanne Brenna <srbrenna@live.no>
Sendt: Monday, January 25, 2021 2:16:25 PM
Til: Hove, Aud <aud.hove@innlandetfylke.no>
Emne: Rovvilt

Til rovviltnemnda i region 3

Har dei siste dagane fått bekymringstelefon frå saueigarar som kvir seg på komande beitesesong. Dette grunna utbreiinga av jerv i Skjåk. Utover sommaren og hausten 2020 vart det gjort fleire pålitelege observasjonar av jerv og i andre område enn Reinheimen. Vest i Skjåk(i Breheimen) var det sett jerv fleire gongar, ikkje uvanleg med fleire jervar i fylgje (tisper med 2-3 ungar). Tapstala i haust tydar og på større jervaktivitet på sørsida av Ottadalen, med aukande tap av sau/lam i området Bråtå – Raudalen og i Tundradalen.

Det rek jerv overalt. SNO driv med sporing i fjellområda, fangar dei da opp alt? Ikkje sikkert, for som kjent er jerven og eit skogsdyr, og spor om vinteren fortel oss at jerven ofte ferdast nede i skogen. I Skjåk har det så langt i vinter ikkje lykkast jegerane å ta ut jerv. Det er att nokre veker av lisensjakta, så vi får håpe einkvan lykkast. Ut frå observasjonar og sporing, hjelp uttak av ein jerv kanskje noko, men ikkje nok. Dei siste åra har det vore mest fokus på nordsida av Skjåk, Reinheimen frå grensa mot Møre og Romsdal i vest til Finndalen i aust. Der har det vore store tap i mange år både på Skjåk og Lesjasida. Dei mange jervynglingane i Skjåk og tilliggjande område i fjor, betyr når det ikkje blir teke ut dyr, at tal jerv aukar og breier seg utover i fjellområda våre.

Vi har sett forslag på prioritering av område for ekstraordinære uttak, der Reinheimen i Skjåk er inne på lista, men ikkje på topp. Det er inga motsetning mellom Reinheimen og resten av beiteområda i Skjåk, men vi må ha for auga at nå ser det ut til at jervtalet veks i heile Skjåk, med fylgjer det får for beitenæringa. Kva skal vi gjera? Skjåk ligg i jervprioritert sone, men er det rett at eit geografisk område nordvest i Oppland skal huse eit jervtal som er høgare enn bestandsmålet? Vi fryktar tapstala vil auke. Ser ikkje at planlagt tidlegsanking er vegen å gå. Skal småfenæringa nedleggjast? Det kan bli ein realitet om få år, om

ikkje jervtalet blir halde nede på eit akseptabelt nivå.

Har ikkje Staten og eit ansvar for dyrevelferda?

Alle som driv med sau er bekymra for komande beitesesong.

Årvisse møte med og mellom instansar gjev aldri noko resultat.

Rovviltnemnda sit inne med kjennskap og kunnskap om rovviltsituasjonen både angående jerv og andre rovvilt, og gjer sikkert jobben sin på beste måte, men vi minner likevel om kor alvorleg situasjonen er og kan bli i våre beiteområde, om ikkje uttak av fleire jervar blir gjennomført.

Skjåk sau og geit

Skjåk beite- og sankelag

Susanne Ramstad Brenna

Sendt fra E-post for Windows 10